



1. Handlingsprogram 2022/2023:

- **Samhandling og samarbeid med Sunnfjord kommune**

SKR har signert ein samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune. Det er viktig å følge opp denne avtalen, og at SKR er i dialog med kommunen også på politisk nivå. SKR er etablert som høyringsorgan, og gjev uttale i aktuelle saker.
- **Førdehuset som kulturhus**

Sunnfjord kommune har gjennomført ein moglegheitstudie og eit arkitektkontor er i gang med utforminga av det 'nye' Førdehuset. SKR er framleis ein viktig part i arbeidet, og styret må følgje opp og samhandle godt med Sunnfjord kommune om dette.
- **Rekrutteringsarbeid**

SKR må arbeide for god rekruttering til dei ulike kulturområda og organisasjonane. Vi planlegg gjennomføring av Frivilligkonferansen i september 2022. Som ein del av Frivillighetsåret 2022, har vi initiert eit samarbeid mellom spelemannslaga i Sunnfjord, som gjennomfører eit skuleprosjekt 9. – 10. juni, som oppbygging til fellesmarkering 16. juni ved Elvetorget.
- **Synleggjering av kulturmangfaldet i heile Sunnfjord kommune**

Det er viktig at kulturlivet i heile Sunnfjord kommune står samla. Her har styret ei viktig oppgåve. Døme her er debatt om Laksen og i dialog med kommunen om større saker.
- **Finansiering av administrativ stilling, tilsetting og gjennomføring**

Det bør jobbast for finansiering av ein administrativ stilling frå hausten 2022 eller våren 2023. Denne stillinga vil til dømes få ansvar for å skrive søknadar om økonomisk støtte, og det vil bli enklare for SKR å kunne respondere fortløpande på aktuelle saker i Sunnfjord. I stillinga vil også ligge ansvaret for å gjere SKR synleg gjennom sosiale media, innlegg i lokalaviser og anna.
- **Etablering av Vestland kulturråd**

Gjennom møter med Bergen Amatørkulturråd og Askøy kulturråd er vi involverte i eit forprosjekt om å skipe eit kulturråd på regionalt nivå – Vestland kulturråd. Styret stiller seg positive til dette arbeidet og vil framleis følgje dette opp.